
MARIA HOPLAND ONES

Mobilnummer **E-postadresse**
416 69 634 mariaones07@gmail.com

Kontonummer **** * 74333

Vedtaksdato **Vedtaket er gjort av** **Søknadsdato** **Vår referanse**
29.10.2020 Alver kommune 23.05.2020 2020/10104, Agros 132846

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – restaurering av potetkjeller på Gbnr 86/2.

Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 37 500 kroner i tilskot til MARIA HOPLAND ONES til restaurering av potetkjeller på Gbnr 86/2.. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.11.2023.

Alver kommune viser til søknad av 23.05.2020.

Bakgrunn i saka

MARIA HOPLAND ONES søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 23.05.2020. Du søker om totalt 275 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.07.2020-01.05.2021. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 350 000 kroner.

Søker ønsker å restaurere gamlestova (sørestova inkl. søre lemme) og potetkjellaren på Ones gnr 86/2. Frå før er stabburet restaurert og søkjereren vil då ivareta kulturhistoria på ein god måte, med eit tun med mykje viktig historie. Planen hennes er: restaurering av gamlestova og restaurering av potetkjeller.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernemiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12, JF.§7. Administrasjonen har gjennomgått artskart, naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål, jf. forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1. Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Administrasjonen meiner at tiltaket er godt og vil bidra til å stimulere til istandsetting av kulturminner, for at de skal holdes vedlike og være synlige i kulturlandskapet.

Kommunen meiner at det er få slike potetkjellere i vårt området og det er spesielt viktig å ta vare på desse. Søkjer treng å leie inn profesjonelle handverkarar til murararbeid og søker difor treng støtte før dei startar ein anbudsprosses. Tilskotet vert gitt til restaurering av potetkjellaren .

Grunna avgrensa midlar har kommunen ikkje høve til å løyve heile tiltaket som omsøkt.

Administrasjonen vil oppfordra søker til å søkje om restaurering av gamlestova ved eit seinare høve eller ta kontakt med kulturavdelingen. Dei kan veilede deg om andre støtteordningar som du kan søkje på til restaurering av gamlestove.

Godkjent kostnadsoverslag :

Tiltak	Kostnad
Muringsarbeid	75000
Tilskotssats	50%
Tilskot kr	37500

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 37 500 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.11.2023. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

- Restaureringa skal skje i tråd med antikvariske prinsipp og i dialog med kulturminneansvarleg i Alver kommune.

Alle tiltak som gjeld kulturminne og kulturmiljø bør gjennomførast etter prinsipp som kulturminneforvaltninga legg til grunn.

Dette er mellom anna:

- Bevare mest mogleg av kulturminnets originale element eller kulturmiljøets eigenart og heilheit

-Foreta så få forandringar som mogleg.

-Reparere framfor heil utskifting.

-Bruke tradisjonelle, stadeigne materialar, handverksteknikkar og fargar.

- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

-Del- eller sluttrapportering av prosjektet gjeres via saken din på altinn. Du finner også skjema med link til altinn på landbruksdirektoratet sine hjemmesider.

-Husk å ta bilder og dokumenter prosjektet underveis, samt ta vare på kvitteringer og før timelister for arbeidet som blir gjort.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggest ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 75 000 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føreset ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Fylkesmannen i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Fylkesmannen i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Kjartan Nyhammer